

Merknadar og innspel til avgrensa høyring januar 2020 og september 2020

I samband med avgrensa høyring av planarbeidet for fv. 245 Fosse – Moldekleiv er det til saman komen inn 4 private merknadar, 3 innspel frå offentlege høyringspartar, kor av eit av dei inneheld motsegn. Under følgjer eit samandrag av merknadane med kommentar frå tiltakshavar og planmynde.

| Nr. | Frå | Innspel og merknader | Kommentarar | Aktuelt plankart |
|---------------------------------------|---|--|--|------------------|
| Innspel frå offentlege høyringspartar | | | | |
| 1 | <p>Fylkesmannen i Vestland Deira ref. 2019/487 Datert 17.09.2020</p> | <p>1. Støy. Dei viser til rettleiar for T-1442, M-128, kor det blant anna står at føresegnene må vere skrevet i «skal»-form og elles må vere målretta mot dei forhold som det skal leggest til rett for eller sikre/forhindre. Dei fører an at det ikkje kjem klart fram i plandokumenta om det er aktuelt å fråvike grenseverdiane gitt i tabell 3 i T-1442. Det meiner planskildringa må klargjerast på dette punktet. Føresegnene må også oppdaterast, jf. M-128, side 37 og 38.</p> <p>2. ROS. Det er svakheiter ved ROS-analysen i høve kjelder, metodikk, plankart og forklaring til dei vurderingar/konklusjonar som er gjort. Rundskrivet som det vises til er oppheva, det vises i staden til rettleiar frå DSB, publisert i 2017.</p> <p>Alver kommune sine akseptkriterier har to matriser for sannsyn, der den eine skal nyttast til klimaendringar og naturulukker. Sistnemnde er i samsvar med TEK17 sine tryggingsskredder for flaum-/flaumskredfare, men ikkje for skredfare. For tilfelle med fare for liv og helse, krev TEK17 at tryggingsskredder for skredfare skal leggest til grunn òg for flaumfare. Det må som eit minimum kome fram av ROS-analysen at skredfare blir vurdert etter krav i TEK17.</p> <p>Naturfare</p> <p>Det har blitt gjennomført grunnboringar og geotekniske undersøkingar, som konkluderer med at sannsynet er «lite» for steinsprang og «sær lite» for snøskred. Dei saknar at dette vert ytterlegare kvantifisert og vurdert opp mot krava i TEK17. Skred er vurdert med sannsyn 3 – «sannsynleg». Det er ikkje råd å lese seg til</p> | <p>1. Teke til etterretning. Støysona ligg i plankart, føresegn og planski ldring oppdatert.</p> <p>2. ROS vert starta på og delvis utarbeida før ny rettleiar frå DSB var tilgjengeleg. Det er utarbeida nyt ROS, sjå vedlegg til plan. Faresone for naturfare er lagt inn ved bekkefall og langs elv, kor geoteknikkar har påpeik fare. Ein har oppretta kontakt med brannvesen og fått tilbakemelding på tiltak ein må ha ha godkjent løysing på før ein får stenge veg. Lagt inn eige føresegn på dette under 3.7.</p> <p>3. Formål frå gammal plan er lagt inn med kodar frå PBL 2008. Fargar vil ikkje vera i samsvar, og ein del kodar i gammal plan er endra, etter ny veileiar frå KMD.</p> <p>Kodar brukt på gamal plan i Litlebergen er oppdatert for å ha ein større grad av samsvar i formål og fargar. Etter at veganlegg er ferdig bygd, skal desse formåla tas ut av plankartet, og gamal plan skal liggje i planbasen som gjeldande plan.</p> | R003/Alle |

| | | | | |
|---|--|--|---|------|
| | | <p>kva som ligg bak vurdering av sannsyn 3 jf. omtale av «lite» sannsyn frå geoteknikar.</p> <p>Plankart manglar omsynssone for naturfare, dette føreset dei at kjem på plass.</p> <p>Andre tema Dei fører an at det ikkje kjem fram om brannsjef har vore konsultert i samband med planframlegget, dei tilrår at dette kjem meir tydeleg fram.</p> <p>3. Plangrunnlaget ved Litlebergen</p> <p>Dei forstår det slik at tanken er å vidareføre reguleringsplanen slik den er, men kan ikkje sjå at det er samsvar mellom dette planforslaget og reguleringsplanen for Litlebergen. Det må vere samsvar mellom dei to planane.</p> | | |
| 2 | <p>Vestland fylkeskommune Deira ref. 2020/65-11 Datert 17.09.2020</p> | <p>1. Det fremjast motsegn til planframlegget. Motsegna er knytt til formelle manglar i høve kulturminneverdiar og som har vesentleg negativ verknad for myndeområde som fylkeskommunen skal ivareta.</p> <p>2. Det er registrert eit automatisk freda kulturminne med Askeladden-ID 151124. Omsynssone H579_2 må utvidast som vist i deira figurar og det må innarbeidast følgjande tekst i føresegna:</p> <p><i>«I omsynssone H570_2 ligg det eit automatisk freda kulturminne som er bandlagt etter kulturminnelova. Det automatisk freda kulturminnet er eit aktivitetsområde frå steinalder og har Askeladden id. nr. 151124. Ein må ikkje setje i gang tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte , forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminnet, eller framkalle fare for at dette kan skje. Alle nye tiltak innanfor sona skal godkjennast av kulturminnemynde. Vedlikehald og drift av eksisterande va-anlegg i området vist som H570_2 er tillat utan å måtte søke kulturminnemynde om godkjenning».</i></p> | <p>1. Teke til etterretning, sjå underliggjande punkt for utdjujing.</p> <p>2. Omsynssone er utvida, og føresegn er oppdatert med ynskja tekst.</p> <p>3. Omsynssoner vert nummerert, og føresegn er oppdatert.</p> | R001 |

| | | | | |
|---|--|--|---|---|
| | | <p>3. Dei finn det positivt at det er lagt inn fleire omsynssoner for bevaring av kulturmiljø for nyare tids kulturminne, men ser at det ikkje er heilt samsvar mellom plandokumenta og oversendingsbrev med omsyn til kvar det er lagt inn omsynssoner H570, korleis dei er nummerert og om dei har tilknytte reguleringsføresegner eller ikkje. Det ber om at dette vert retta opp og det gis døme på reguleringsføresegner.</p> <p>4. Dei ber om at kommunen tar initiativ til dialog med fylkeskommunen for å finne gode løysingar som løyser motsegnspunkta og legg til rette for vidare arbeid med planen.</p> | | |
| 3 | Statens vegvesen Deira ref. 2020/155753-2 Datert 16.09.2020 | 1. Ingen merknader til planframlegg. | 1. Teke til orientering. | |
| 4 | Alver kommune Kultur | <p>1. Spionhuset er tatt ut av planområdet – det bør vera med og gjevast omsynssone H570.</p> <p>2. Gnr. 325/86, 325/168 og 325/143 bør vera med i planområdet, som i tidlegare plankart, og gjevast omsynssone H570.</p> <p>3. Potetkjellar ved Litlebergen visar ikkje i kartgrunnlaget – viktig at omsynssone omfattar heile potetkjellar, samt noko areal kring kjellaren.</p> <p>4. Positivt til areal sat av til utmarksparkering. Bør vurdere fotgjengarovergang eller andre løysingar ved Ådlandsvegen 296 for fotgjengarar som kryssar Fv.245 for å koma til turområdet.</p> | <p>1. Vert teke til følge – Eigedom tatt inn i plankart, og Spionhuset er gitt omsynssone H570_3 i plankart.</p> <p>2. Dette ligg forholdsvis langt frå veg, og areal på desse eigedomane vil vera utanfor planområdet når vegen er ferdig bygd, og midlertidig arealbeslag vert oppheva. Desse eigedomane vert regulert som ein del av reguleringsplan «Fossesjøen» som no har vore på offentleg ettersyn.</p> <p>3. Potetkjellar ligg ikkje i grunnkart, men plassering av omsynssone er kring heile kjellaren. Illustrert med R-symbol i kart. Det er ikkje lagt inn ekstra omsynssone over eksisterande veg.</p> <p>4. Teke til orientering. Parkering vert flytta i nytt høyringsutkast. Fotgjengarovergang vert ikkje lagt inn i reguleringsplan. Andre, større løysingar er ikkje vurdert.</p> | <p>1. R003</p> <p>2. R001</p> <p>3. R004</p> <p>4. R005</p> |

Private merknader

| | | | | |
|---|--|--|---|------|
| 5 | Aud Sølvi Fosse Drengenes Gnr. 325, bnr. 11 og bnr. 16 | 1. Dei kan ikkje sjå at det er teke omsyn til framtidig tilkomst til del av gnr. 325, bnr. 11 sin eigedom ved Fossesjøen. I dag har ein opning i rekkverk her. | Det er ikkje regulert inn avkøyring eller opning i rekkverk mellom køyrebane og GS-veg. Det er tenkt gangtilkomst frå GS-veg. | R001 |
|---|--|--|---|------|

| | | | | |
|---|--|--|--|------|
| | terjedre@online.no | <ol style="list-style-type: none"> Gnr. 25, bnr. 11 og 16 er medeigar i gnr. 25 sitt fellesareal ved Fossesjøen. Fellesarealet til gardane må ivaretakast i reguleringsplanen. Om grenselinjer for del av gnr. 25, bnr. 11 og 16 og fellesarealet der bruka er medeigar er uklare, må det gjennomførast oppmålingsforretning som del av reguleringsprosessen. Dei ynsker ei tilbakemelding på kva som er gjort for å ivareta tilkomst til gnr. 325 bnr. 11 sin eigedom ved Fossesjøen og korleis fellesarealet til bruka vert ivareteke. Vedlegg manglar. | <p>Tilkomst vert ivarettatt i føresegn med krav om opning i GS-rekkverk.</p> <p>Tilkomst til kaiområde ved Fossesjøen er regulert inn gjennom o_SV1.</p> <p>Dersom er aktuelt med inngrep på eigedom i anleggsperioden, vil dette bli løyst som ein del av eit grunnerv.</p> <p>Det er ikkje regulert inn avkøyning eller opning i rekkverk mellom køyrebane og GS-veg. Det er tenkt gangtilkomst langs GS-veg frå same plass som i dag.</p> | |
| 6 | Torbjørn Nævdal Ådlandsvegen 183, 5919 Frekhaug Gnr. 326, bnr. 23 Tlf. 951 19 221 | <ol style="list-style-type: none"> Det visast til synfaring med Statens vegvesen og Kulturansvarleg frå Meland kommune kor det er påvist feile eigedomsgrenser mot veg. Eigedomsgrensa mot veg langs elv mellom bnr. 5 og 23 er feil og skal liggje i grense mot den eldre, nedlagde Fv. Vidare er same grense satt mot potetkjellar frå avkøyrsel til 181/183, som inneber at arealet mellom Fv. 245 og bnr. 23 ligg på bnr. 5. Dette er feil, då dette arealet og potetkjellar eiges av bnr. 23. Det er viktig at grensa rettes opp, med omsyn til eldre jordskiftesak og avtale mellom eigar og Statens vegvesen frå då vegen vart utvida i sin tid. Han ber om å bli kontakta av oppmålingsmyndigheit for å få avklart desse forholda. | Alle forhold knytt til eigedom, justering av eigedomsgrenser og | R004 |
| 7 | Roald Toppe Ådlandsvegen 357, gnr. 27, bnr. 22 Tlf. 934 38 720/ 55 19 97 73 | <ol style="list-style-type: none"> Han spør om det er gjort endringar i kryss ved eigedomen deira og om det finst kart av avkøyrsla. Han opplyser om at deler av eigedomen deira kan vere egna som riggområde. | <ol style="list-style-type: none"> Her er gjort endringar, sjå teknisk teikningar, C006. Teke til orientering. | R006 |
| 8 | Bente Håtuft Gnr. 27, bnr. 46 i Meland kommune Tlf. 481 08 850 | <ol style="list-style-type: none"> Ho kan ikkje sjå at det er teke nok omsyn til tilkomstveg til sin eigedom frå hovudvegen. Ho kan ikkje sjå korleis dei skal få tilgang til innkøyning i garasje. Dei ber om at det vert teke ein synfaring snarast og før klagefrist går ut. I den | <ol style="list-style-type: none"> Avkøyingspil er lagt inn mot eigedom, slik avkøyning ligg i dag. Ein sikrar areal til innkøyning gjennom føresegn. Det er oversendt teikningar som visar ny situasjon, og ein har ikkje hatt behov for synfaring. | R006 |

| | | | | |
|----|---|---|--|--------------|
| | | samanheng ber dei om planteikning som tydelegare viser tilkomst til eigedomen. | | |
| 9 | Austebygd Fritidspark v/Morten Røstad | 1. Fryktar at dei gode poenga i deira innspel til plan druknar i papirmengda. Påpeikar at om ein kan nytte deira tomt som rigg og driftsareal i byggjetida, så vil dette være sær samsfunnsnyttig ettersom dei seinare ynskjer å nytte same tomt til idrettsformål. Påpeikar at ein ikkje treng tilbakeføre arealet, og derfor vil få lågare kostnader. | 1. Innspelet er vurdert og tatt inn i planen. Arealet på plankart 6 er lagt inn som idrettsformål, med føresegn som opnar for å forlate arealet utan tilbakeføring etter anleggsslutt. 2. Statens vegvesen, og seinare Vestland fylkeskommune har vore opptatt av at ein ikkje skal påføre vegprosjektet ekstra kostnader og binde ein entreprenør til å nytte dette arealet. Statens vegvesen var også opptatt av at ein må ha ein plan for vidare bruk, dei kan ikkje forlate eit riggområde som ein stor grusa/pukka plass, utan grunneigar og kommunen aksepterer dette og har ein plan for vidare utvikling. | R006 |
| 10 | Miljøorganisasjonen Grøn Framtid | 1. Minner om at pbl § 4-3 stiller krav til at fare for skred, steinsprang ol. påteiknast plankartet. | 1. Vert teke til følge. Lagt inn skredsoner etter kart frå NVE sin database. | |
| 11 | Geir Olav Flom | 1. Ber om at strekningen ljossetjast. | 1. Reguleringsplanen vil ikkje leggje inn føringar for dette. Etter Statens vegvesens handbøker, som fylket også bygger etter, skal GS-vegar normalt ljossetjast. | |
| 12 | Knut Kristian Aase | 1. Ønsker at ein bruker dagens vegkopling mellom Stemmevegen og Fv. 245, som går mellom lør. | 1. Vert teke til følge. | R003 og R004 |